

## MEVIT3510 – Medieestetikk

Heimeeksamen, haust 2018  
Nynorsk

Utlevering måndag 19. november kl. 11.00. Innlevering torsdag 22. november kl. 11.00.

Du skal laste opp svaret på oppgåva som PDF-fil i Inspera (meir om dette under).

Oppgåvesettet er på 2 (to) side og innehald 2 (to) oppgåver. **Du skal svare på ein av to oppgåver.**

Før du begynner å skrive svaret, må du passe på at du har lese og forstått informasjon om fusk som gjeld på UiO: <http://www.uio.no/studier/admin/eksamen/fusk/>

Du må bruke ein sitat- og referansetil (til dømes MLA, Chicago eller APA) gjennom heile svaret, og i litteraturlista til slutt. Du må derfor også setje deg inn i korrekt bruk av kjelder og referansar: <http://www.uio.no/studier/admin/eksamen/kildebruk/>

---

Vel éin av følgjande to oppgåver:

Anten:

1)

I den aller siste setninga i innleiinga til *Critical Terms for Media Studies* hevdar W. J. T. Mitchell og Mark B. N. Hansen at “media are our situation” (Mitchell og Hansen 2010: xxii). Grei kort ut om den samanhengen denne utsegna inngår i, og diskuter deretter påstanden gjennom ein analyse av to av dei verka du har valt på pensum.

Eller:

2)

Diskuter kva for eit syn på estetikk som kjem til uttrykk i Walter Benjamin sin artikkel “Kunstverket i Reproduksjonsalderen” ([1936] 1991). Konkretiser diskusjonen ved hjelp av minst to verk på verkpensumet ditt.

Referansar:

Benjamin, Walter (1991 [1939]) "Kunstverket i reproduksjonsalderen" i *Kunstverket i reproduksjonsalderen. Essays om Kultur, litteratur og politikk*, Oslo: Gyldendal Norsk Forlag, s.35-64.

Mitchell, W. J. T. og Mark B. N. Hansen (2010) «Introduction», i *Critical Terms for Media Studies*. Chicago: University of Chicago Press, s.vii-xxii.

---

Informasjon om eksamen

- Du kan svare på norsk, svensk, dansk eller engelsk.
- Du leverer svaret på oppgåva i Inspera. Viss du ikkje har brukt Inspera før, må du lese dette i god tid før fristen: <http://www.uio.no/studier/eksamen/inspera/hjemmeeksamen-innlevering.html>
- Når du lastar opp svaret må du passe på at det er en PDF-fil (.pdf). Systemet godtar ikkje andre filformat. Fila skal kallast for ditt kandidatnummer, slik: 1234.pdf.
- Inspera stengjer presist og automatisk kl. 11:00. Det er **ditt ansvar** å passe på at fila er lasta opp innan fristen. Vi tilrår derfor at du lastar opp fila i god tid før Inspera stengjer.
- På framsida av svaret skriver du ditt **kandidatnummer** som du finn i Studentweb (IKKJE DITT NAMN), emnekode, emnenamn, semester og år.
- Svaret skal være på inntil 10 normalsider (ein normalside reknast som 2300 teikn, utan mellomrom). Framsida og litteraturlista er ikkje medrekna.

Informasjon om eksamen ved IMK: <http://www.hf.uio.no/imk/studier/ressurser/oppgave/>

---

Faglærer Liv Hausken og Sara Rundgren Yazdani vil svare på spørsmål om eksamen kl. 11.30 måndag 19.november i rom 205 i IMKs lokalar.

Eksamensresultat skal publiserast i Studentweb innan 13. desember. Vi gir ikkje resultat på e-post eller telefon.